
elevorganisasjonen
i vestland

ELEVBØLGA

2. Innkalling



Til Medlemsskulane i Elevorganisasjonen i Vestland

Kopi Fylkesstyret i Vestland, Lokallagsstyret i Bergen, Valkomitéen i Vestland, Distriktskomitéen i Hordaland, Distriktskomitéen i Sogn og Fjordane, Sentralstyret, Landsstyret, Valkomitéen nasjonalt, Kontrollkomitéen og Arkivet

Frå Fylkesstyret i Vestland

Dato 30. oktober 2026

2. Innkalling ELEVBØLGA 2026

Møtedato: 13.–15. november 2026

Møtetid: 16:00, fredag 13. november

Møtestad: Olsvikåsen vgs, Olsvikåsen 152, 5183 Olsvik

Kjære medelev

Elevbølga kjem! Ein helg på Olsvikåsen med elevar frå heile Vestland, mykje skulepolitikk, litt læring og masse moro. Dette vil du ikkje gå glipp av!

Her står alt du treng å vite: kvar vi er, korleis du kjem deg dit, kvar du søv, kva du får å ete, kva du må pakke og kva som skjer når. Lenger ned finn du òg info om valet, korleis du meldar opp ei sak, og kven du kan sende ei melding til om du lurar på noko.

Tanken er enkel: du møter andre som bryr seg om skulen like mykje som deg, lærer ting du kan ta med heim til elevrådet, og får seie kva du meiner fylkesstyret bør bruke tida si på. Og så blir det sjølvsagt kjempekjekt.

Eg gler meg masse til å sjå dykk!

På vegner av fylkesstyret i Elevorganisasjonen i Vestland, Oline Kaalaas Fylkesleiar i Elevorganisasjonen i Vestland

Meld deg på her!

Praktisk info

Lokale

Alt skjer på Olsvikåsen vidaregåande skule (Olsvikåsen 152, 5183 Olsvik). Vi et og søv der òg, så du slepp å stresse med å ta deg rundt.

Fredag startar vi med innsjekk og formøter.

Oppmøtetid: 16:00, fredag 13. november. (Det er òg mogleg å kome litt før.)

Reise

Skulen ligg i Olsvik i Bergen, omkring 30 minuttar med buss fra Bergen sentrum. Nærmaste busstopp heiter «Fredheim Olsvik» og ein må gå i 8 minutt derifrå.

Du skal ikkje bli fattigare av å kome deg dit. Vi dekker billegaste måte å reise på for alle. For dei fleste er det skyss sitt ungdomskort som er billegast, til dømes båt eller buss frå Sogn og Fjordane. Ta vare på kvitteringane, og fyll ut reiserekningsskjemaet på elev.no/reiseregning/ etterpå. Hugs å velje Vestland under «betalast i».

Lurar du på noko med reisa? Send ei melding til Mads Lund Halland (kontaktinfo nedst).



Pakkeliste:

- Luftmadrass / liggeunderlag
- Sovepose / dyne og laken
- Toalettsaker, ev. Medisinar
- Kle for helga
- Fint antrekk til bankett på laurdag
- Pysj
- Skrivesaker, PC
- Mobil og ladar
- Snacks (om du ynskjer)
- Innesko / tøflar
- Sovemaske
- Godt humør!

Saksliste:

Møtekonstituering:

001	Val av ordstyrar og referent	V
002	Godkjenning av innkalling	V
003	Godkjenning av referat	V
004	Godkjenning av møtereglar	V
005	Godkjenning av dagsorden	V

Øvrige sakar:

006	Skulane si eiga runde	D
007	Fylkesstyret si orientering	O
008	Valkomiteen si orientering	O
009	Distriktskomiteen si orientering	O
010	Økonomisk orientering	O
011	Skulane si eigen time	D
012	Orienteringsdebatt	D
013	Budsjettrevisjon	D
014	Val	V

Forslag til dagsorden:

ELEVBØLGA 2026

fredag 28. november			
Når	Sak	Kva?	Sakstype
16:00		Oppmøte & innsjekk	
16:20		Formøter	
17:00		**Velkommen til EB01**	
18:10		**Møtekonstituering**	
	001	Val av ordstyrerbord	v
	002	Godkjenning av innkalling	v
	003	Godkjenning av referat	v
	004	Godkjenning av møteregler	v
	005	Godkjenning av saksliste	v
	006	Godkjenning av dagsorden	v
18:15		**Pause**	
18:30		**Orienteringer**	
	007	Fylkesstyret si orientering	o
	008	Valkomitéen si orientering	o
	009	Distriktskomitéane si orientering	o
	010	Økonomisk orientering	o
	014	Budsjettrevisjon	d/v
19:30		**Middag**	
20:30	011	Skulane si eiga runde	o
21:00		**Møteslutt**	
		Sosialt	
00:00		Stilletid	

Laurdag 29. nov			
08:30		Frukost	
10:00		**Møtestart**	
		Å lede ein elevbølge	
10:45	012	Skulane sin eigen time	
11:45		Pause	
11:55	013	Orienteringsdebatt	
		Workshop! Hva skal vi jobbe med resten av perioden?	
13:00		**Lunsj +** Frist: Å stille til valg	
14:00		Gyda Oddekalv	
15:15		Pause	
15:30		Elevråd 101 og Elevråd 202	
17:15		Pause	
17:30-18:30		Ungdomspartidebatt	
18:30		**Møteslutt**	
19:00		Pynte og gjøre seg klar til banketten	
20:00		**Bankett**	
00:00		Stilletid	

søndag 30. nov.			
09.00		Frukost	
10.00		**Møtestart**	
		Hilsningstale	
10.30	015	Val	v
12:00	016	Eventuelt	o/d
		Oppsummering	
		Møtet heves	
		Møtekritikk	
		Felles rydding	
14:00			

Ofte stilte spørsmål

Kva er Elevorganisasjonen?

Vi er elevane og lærlingane sin organisasjon. Vi kjempar for ein skule på våre eigne premissar, for det er vi som kjenner skulen best. Elevorganisasjonen er ein landsdekkande og partipolitisk uavhengig organisasjon som arbeider for at alle elevar og lærlingar i Noreg skal få verdas beste skule og ei rettferdig behandling. Vi i Elevorganisasjonen jobbar på frivillig basis, og vi uttalar oss berre om skulepolitikk.

Blir mat og reise dekka?

Ja! Vi serverer alle måltid og dekker billegaste reiseveg for alle deltakarar. Sjå «Reise» over for korleis du får refundert reisa.

Kven kan delta?

Kvar medlemsskule er plikta til å sende éin (1) delegat med tale-, forslags- og stemmerett. Skulen kan i tillegg sende inntil sju (7) observatørar med tale- og forslagsrett. Elevane som deltek treng ikkje sitje i elevrådet, men det er elevrådet som bestemmer kven som reiser.

Får eg fråvær?

Nei! Du deltek på vegner av skulen og får ikkje fråvær for at du må reise tidleg frå skulen fredag, så lenge du fortel kontaktlærar om det. Vi deler òg ut dokumentasjon på deltaking til dei som treng det.

Les meir om kva som skjer på ELEVBØLGA i fyrste (1.) innkalling!


Still
til
Val!

Stille til val

På Elevbølga skal vi velje to (2) fylkesstyremedlemmer.

Alle elevar ved medlemsskular og innmelde lærlingar kan stille til val. Du treng ikkje vere til stades under sjølve møtet for å kunne stille.

For å stille til val, eller om du lurer på noko om valet, send ein e-post til valgkom.vestland@elev.no. Det er valkomiteen som føreslår kandidatar til dei verva som skal veljast. Dei vil gjennomføre intervju med alle som stiller, så ta gjerne kontakt med ein gong du veit at du vil stille.

Døme på kandidaturmail:

Til: valgkom.vestland@elev.no

Eg, Namn Namnesen, ønskjer med dette å offentleggjere mitt kandidatur til fylkesstyremedlem i Elevorganisasjonen i Vestland.

Eg kan nås på denne e-posten eller telefon: xxx xx xxx

Med venleg helsing, Namn Namnesen

Melde opp ei sak

Alle medlemmer av Elevorganisasjonen i Vestland kan melde opp saker til behandling på Elevbølga. For å melde opp ei sak sender du e-post til vestland@elev.no, saman med nødvendig saksdokument. Fylkesstyret vil hjelpe deg dersom du treng hjelp med å melde opp ei sak. Du finn kven som sit i fylkesstyret på elev.no/vestland.

Gler oss til å sjå deg!



Kontaktinformasjon

Hovudansvarleg

Oline Kaalaas

918 94 149

oline.kaalaas@elev.no

Arrangementansvarleg

Mats Johan Greenland

469 30 067

mats.greenland@elev.no

Deltakaransvarleg

Mads Lund Halland

469 57 508

mads.halland@elev.no

HMS-ansvarleg

Noomi Àsudottir Dahl

400 73 253

noomi.dahl@elev.no